

KJELL HARALD NEDREAAS

Mobilnummer **E-postadresse**
995 38 549 kjelln@hi.no

Kontonummer **** ** 88280

Vedtaksdato	Vedtaket er gjort av	Søknadsdato	Vår referanse
03.11.2023	Alver kommune	27.02.2023	2023/1943, Agros 223760

Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Villsaubeite, natur- og kulturverdiar i Askelandsvågen

Samandrag: Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 39 650 kroner i tilskot til KJELL HARALD NEDREAAS til Villsaubeite, natur- og kulturverdiar i Askelandsvågen. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 24.10.2026.

Alver kommune viser til søknad av 27.02.2023.

Bakgrunn i saka

KJELL HARALD NEDREAAS søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 27.02.2023. Du søker om totalt 137 000 kroner i tilskot for tiltak perioden 01.03.2023-02.03.2026. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 274 300 kroner.

Askelandsøyra har vore beita av kyr og småfe fram til 1960 tallet. Sidan har det vore beita av småfe og det har med tida grodd att med kratt og tre. Dei siste årane har sokjar tatt over skjøtsel av område som ny bonde med ei flokk utegåande villsau som går ute heile året. Han har mykje kunnskap om korleis Askelandsvågen har vore skjøta før i tida og han ønsker å restaurere kulturlandskapet for å fremja og formidla om dei viktiga natur- og kulturminneverdiarane der.

Søknaden inneholder fleire tiltak:

- Ferdsel: Utbetra 50 m tursti og formidla allmenta om kulturminna ved å setja opp et skilt.
- Beiterydding og -gjerding: Rydda kratt og tynna ut tre på kring 20 daa. Rydda vegetasjon kring tørrmura bygg. Setja opp 70 m gjerde.
- Kulturminne: Restaurera 30 m² tørrmura bygg.
- Reparasjon av grøfter og kanalar: 200 m grøfter og 50 m vasskanalar.

Grunngjeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiene i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også gis til eigar av landbrukseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbrukseigedomen som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskriftera som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbrukseigedomen tiltaket skal gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over korleis plantevernmiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Vurdering

Søknaden er vurdert etter prinsippa i naturmangfaldlova §§8-12, jf. §7. Landbruksavdelinga har gjennomgått artskart og naturbase, og etter ei samla vurdering komme fram til at det omsøkte tiltaket ikkje er i strid med prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldlova.

Landbruksavdelinga meiner at tiltaket er i tråd med SMIL-ordninga sitt formål jf. Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket §1.

Askelandsøyna har ei rik historie som fortell om fiskarbondens liv og næring fra land og hav. Her har det vore ein generasjonsbustad med storfe og småfe men har sidan grodd igjen og gamle tørrmura bygg har forfalle. Søkjar er ny bonde og han viser mykje engasjement for å ta vare på kulturlandskapet og kulturminne på Askeldandsøyna.

Markslag (AR5) viser at arealet er registrert som produktiv skog. Landbruksavdelinga har vore på synfaring for å sjå om landskapet ber preg av å ha vore skogdekt over lang tid eller ikkje. Me kunne konstatera at dette er eit landskap som har grodd att med einerkratt og lauvtre sidan 1960 talet. Eit område rundt hustuften er registrert som gjødsla beite i økonomisk kartverk, kva forsterkar grunngivinga vår til å støtta rydding for å få tilbake det opne landskapet som var før i tida.

SMIL-ordninga prioriterer høgt tiltak hos nye bønder, rydding av beitemark, og restaurering av kulturminne. Landbruksavdelinga meiner at søknaden inneholder gode tiltak som vil heva landskaps- og kulturverdiane på staden. Fjerning av kratt og tre vil auke kvaliteten på beitet. Betring av tilstanden til hustufta som kulturminne og betring av tilgangen til jordbrukslandskapet for allmenta vil auka opplevningverdiane og vera med til å gjera landbrukshistoria på Askelandsøyna meir levande.

Alver kommune har vedtatt å løyve inntil kr 39 650 til rydding av 20 daa beitemark, oppsetting av 70 meter gjerde, 1 køyregrind, rydding av vegetasjon kring et tørrmurabygg, restaurering av tørrmur på 30 m², utbetring av 50 m sti, og et skilt som tilrettelegging for allmenta på GBNR 16/8, 17/3 og 17/5 som vist i kart som ligg ved søknaden. Kommunen nyttar standard sats for kostnader til: restaurering /rydding av beite på kr 3 000 kr per daa; gjerding på kr 80 per løpemeter; enkel køyregrind på 1 500 kr per stykk; rydding langs tørrmura bygg på 500 kr per bygg; restaurering av tørrmura bygg opptil 800 kr per m²*; rydding og istandsetjing av sti 50 kr per meter; skilt 200 kr per stykk.

Grunngiving for endring av det originale kostnadsoverslaget:

*Søkjar har påbyrja restaurering av tørrmur til gammal hustuft på 30 m² etter at han sende søknaden inn. Ein god del av tørrmuren stod i god stand, resten (frå bakkenivå og opp) har han sett i stand. Vidare vil han reparera trapp og en del som kanskje har vore møkkakjellar før. Han har tilrettelagt foringsplass inne, og bygd tak av moderne konstruksjon ovanpå tørrmuren. På grunn av at det er ei delvis restaurering av tørrmur og at takkontruskjonen er moderne (dermed ikkje bygd etter antikvariske prinsipp) meiner me at satsen for restaurering av tørrmur bør reduserast frå 800 kr per m² til 300 kr per m².

**Søkjar har søkt om tilskot til reparasjon av grøftar og vasskanalar. SMIL-ordninga støttar ikkje dreneringstiltak. Me viser søkjar til eiga tilskotsordning for drenering.

Godkjent kostnadsoverslag:

Tiltak/aktivitet	Beløp (kr)
Tilrettelegging for allmenta 1 stk skilt * 200 kr per stk	200
Utbetring av sti 50 m * 50 kr per m	2 500
Restaurering av beite 20 daa * 3 000 kr per daa	60 000
Gjerding med sauенот 70 m * 80 kr per m	5 600
Enkel køyregrind 1 stk * 1 500 kr per stk	1 500
Rydding av vegetasjon kring tørrmura bygg 1 bygg * 500 kr per bygg	500
Restaurering av tørrmur 30m ² * 300 kr per m ²	9 000
SUM Kostnadsoverslag	79 300
Eigenfinansiering	39 650
Tilskot SMIL (inntil 50% av kostnadsoverslaget)	39 650

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 39 650 kroner i tilskot.

Vilkår for tilskotet

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 24.10.2026. Dersom du ikkje overheld fristen, fell tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slikt løyve dersom det trengs, og dette må du gjere før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

- Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå tildeling.
- Det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfrist i inntil to år ut frå skriftleg grunngjeving, seinast ein månad før oppsett frist går ut.
- Gjerde skal vera permanent med gjerdeton, toppstreng og bendlétråd.
- Området skal nyttast til beite i minimum 10 år frå løyving.
- Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jf. § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Rapportering og utbetaling

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

Del- eller sluttrapportering av prosjektet blir gjord via saka di på altinn. Du finn også skjema med lenke til altinn på landbruksdirektoratet sine nettsider. Hugs å ta bilete og dokumenter prosjektet undervegs. Ta vare på kvitteringar og før timelister for arbeidet som blir gjort.

Sluttrapport skal innehalda:

- Utfylt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak, inkludert rekneskap. Rekneskapet bør settast opp slik at det kan samanliknast med kostnadsoverslaget i søknaden.
- Timeliste som dokumenterer eige arbeid.
- Bilag på innkjøpt materiell.
- Foto av utført tiltak.

Alver kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du skriftleg har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttrekneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan få om utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar undervegs i prosjektperioden. Delar av tilskotet kan utbetalast etter kvart som du godtjør framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskotet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak skal fyllast ut og leggast ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 79 300 kroner. Dersom kostnader for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotssummen bli justert ned.

Kontroll

Kommunen, statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kan gjere kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

Omgjering, tilbakebetaling og motrekning

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetalt tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresett ved innvilging av tilskotet.

Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klag til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikke gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan også få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

Meir informasjon

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing
Alver kommune

Saksbehandla av: Victoria Grape

Godkjend av: Laila Bjørge